

BACHELOROPPGÅVE

Dikt frå Dracopenia

Korleis kan diktundervisning stimulere born sin fantasi og kreativitet, og motivere dei til å skrive egne tekstar?

av

Kandidatnummer 7

Synnøve Herstad

Poetry from Dracopenia

How can teaching poetry stimulate children's fantasy and creativity, and get them motivated to write their own texts?

Grunnskulelærer 1-7, deltid

Emnekode PE369

Mai 2014



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva i Brage (Skriv inn tittel) dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer 7 , Synnøve Herstad

JA

NEI

ᛆᛋᛋ ᚿᛋᛋᛋ ᛆᛋᛋ ᛆᛋᛋᛋᛋ.

ᛆᛋᛋ ᛋᛋᛋ ᛋᛋᛋ ᛋᛋᛋᛋᛋᛋ ᛋᛋᛋᛋᛋ.

Allt gull glitrar ikkje.

Ikkje alt som er borte er tapt

(J.R.R. Tolkien)

Samandrag

Vi lever i ei tid i endring, og i løpet av utdanninga mi har eg tenkt mykje på kva slags kvalifikasjonar born og unge må ha i møte med framtida. Orda kreativitet og fantasi er gjengangrar i læreplanar og offentlege dokument om utdanning, og slike ferdigheiter vil etter alt å døme bli høgt verdsette den dagen dei unge trør ut i arbeids- og samfunnslivet. Samtidig trur eg at eigenskapar som kreativitet og nytenking er viktig i lærarrolla.

Dei seinare åra ser det ut til at skrivning har kome i skuggen av satsinga på lesing i skulen. Eg bestemte meg difor for å sjå om eg kunne finne nye kreative innfallsvinklar for å stimulere borna sin fantasi og motivere dei til å skrive. Med utgangspunkt i ideane til den engelske pedagogen og poeten Pie Corbett, utarbeidde eg undervisningsopplegget "Dikt i Dracopenia", for å forske på problemstillinga mi som lyder slik: Korleis kan diktundervisning stimulere elevane sin kreativitet og fantasi og motivere dei til å skrive eigne tekstar?

For å finne ut av forskingsspørsmålet har eg brukt aksjonsforskning, ein metode som vert nytta for å forske på endring av eigen praksis. Dessutan har eg brukt ein kvalitativ forskingsstrategi med intervju av informantar i tillegg til ustrukturerte observasjonar og elevtekstar for å hente inn data til undersøkinga.

Forskinga til den russiske psykologen Lev Vygotskij viser at kunnskap og fantasi er avhengige av kvarandre fordi born treng ein rik erfaringsbakgrunn for å utvikle kreative ferdigheiter. Slike erfaringar kan vere henta frå verkelegheita eller frå førestillingsverda, til dømes ved å lese litteratur eller sjå film. Datamaterialet frå denne oppgåva viser at temabasert diktundervisning, fantasiøvingar og samhandlinga mellom lærarar og elevar i klasserommet, bygde opp elevane sin erfaringsbakgrunn og inspirerte dei vidare til kreativ skrivning. Difor vil eg vidareutvikle aktivitetane og ideane frå undervisningsopplegget for å ta dei i bruk i min eigen undervisningspraksis i framtida.

Innholdsliste

1. INNLEIING OG PROBLEMSTILLING.....	7
1.1. BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA.....	7
1.2 PEDAGOGISK ENTREPRENØRSKAP I SKULEN.....	8
1.3. SKRIVING.....	9
2. TEORI.....	9
2.1. EIN FORUNDRINGSPAKKE.....	9
2.2. LITTERATURENS FATTIGE STEBARN.....	10
2.3. LITTERATURSTUDIE.....	11
2.4. PIE CORBETT – OM BORN OG DIKTSKRIVING.....	11
2.5. OM FANTASI, FØRESTILLING OG KREATIVITET.....	12
2.6. KVA SEIER LÆREPLANEN OM SKRIVING OG DIKT?.....	13
3. METODE.....	13
3.1. USTRUKTURERT OBSERVASJON OG ELEVTEKSTAR.....	14
4. DATA OG DRØFTING.....	14
4.1. UNDERVISNINGSPLEGGET "DIKT I DRACOPENIA".....	15
4.2. ETABLERING AV POETISK KLIMA.....	16
4.3.DEN MAGISKE ORDBOKA FOR ORDSAMLARAR OG OBSERVATØRAR.....	17
4.4.SPRÅKLEIKAR OG HJERNETRIM.....	17
4.5. GUIDA DAGDRØYMING OG DRAKEPASS.....	17
4.6.SKRIVERAMMER.....	17
4.7.VI SKRIV!.....	18
4.7.1. Similier.....	18
4.7.2. Fantasileik og metaforar.....	20
4.7.3. Personifisering og besjeling.....	21
4.7.4. Diktskriving inspirert av musikk og lydkulisse.....	22
4.7.5. Elevdikt og lydkulisse.....	24

4.8.	ELEVINTERVJU.....	25
4.8.1.	<i>Intervju med Rektor</i>	25
5.	FUNN OG KONKLUSJON	26
6.	BIBLIOGRAFI	28

1. Innleiing og problemstilling

I skulen møter vi dikt i mange samanhengar, mellom anna som øvingar i språkleg medvit i den grunnleggjande lese- og skriveopplæringa. Norsk- og engelskbøkene har sine kapittel om dikt, og i tillegg får dikt og poetiske tekstar pryde mange lærebøker som utsmykking eller forsterking av budskapet i teksten. For mange elevar kan nok diktundervisning vere synonymt med tolking og analyse, og spørsmålet er om det poetiske potensialet er godt nok utnytta i undervisninga?

Tidlegare høyrde eg sjølv til den studentgruppa som ikkje hadde den store sansen for lyrikk. Det verka bort i mot meiningslaust å analysere og tolke dikt som kanskje var skriva i ei anna tid og på eit tungt og uforståeleg språk. Merkeleg nok var det engelskfaget på lærarskulen som gradvis fekk meg til å endre denne oppfatninga og skapte motivasjonen for å utforske diktsjangeren vidare. Grunnen til dette var at vi fekk ei god innføring i kva dikting eigentleg handlar om, og at vi fekk tilgang til engelskspråkleg litteratur om lyrikk og kunnskap om korleis dikt kan brukast i undervisninga.

Jumpstart Poetry (2008) er ei lærebok av den engelske pedagogen og poeten Pie Corbett, der han har samla ei rekkje idear og aktivitetar til bruk i diktundervisning for born. Corbett skriv mykje om kor viktig kreativitet og fantasi er for born si læring, og eg bestemte meg for å bruke idear frå boka hans til å utarbeide eit undervisningsopplegg om dikt for elevane ved skulen der eg er tilsett. Ved å gjennomføre dette undervisningsopplegget ville eg finne svar på denne problemstillinga:

Korleis kan diktundervisning stimulere elevane sin kreativitet og fantasi og motivere dei til å skape eigne tekstar?

1.1. Bakgrunn for val av tema

Sidan 2012 har eg vore lærar for småskuletrinnet ved ein fådelt skule, der eg også har engelskundervisninga for alle klassetrinna. Det er ikkje så mange elevar ved skulen i dag, men elevtalet vil auke framover på grunn av at mange småbarnsfamiliar har flytta til området. I tilknytning til skulen er det også barnehage og skulefritidsordning. Utanom lærarjobben er eg deltidsstudent ved Høgskulen i Sogn og Fjordane der mellom anna pedagogikk og elevkunnskap, og språkfaga norsk og engelsk, er i fagkretsen min.

I løpet av utdanninga har eg tenkt mykje på korleis eg vil være som lærar. Korleis kan eg motivere og inspirere elevane mine for læring og kva slags metodar vil eg ta i bruk i undervisninga? Samtidig er eg oppteken av framtida og kva slags kvalifikasjonar dei unge må ha i bagasjen når dei stig over terskelen frå skule til arbeidsliv. Vi lever i ei tid med raske omsiftingar, noko som gjer det vanskeleg å førestille seg korleis verda vil sjå ut berre om eit par tiår. Men allereie i dag opplever vi at

bedrifter, råvarer og arbeidskraft vert flytta på tvers av landegrensar og kontinent, gamle yrke vert overfløddige og nye oppstår i kjølvatnet av ny vitskap og teknologi. Det er sagt at vi lever i "Kunnskapssamfunnet", der kunnskap og kreativitet står fram som dei viktigaste drivkreftene for verdiskaping i samfunnet og som ein nøkkel til at kvart enkeltmenneskje skal lukkast (*Kultur for læring*, St.meld. nr. 30, 2004).

Difor finn eg det urovekkande at så mange som ein av tre ungdommar droppar ut av vidaregåande skule, at mange born og unge ikkje har tilstrekkelege lese- og skriveferdigheiter og at heile 650 000 nordmenn står utanfor arbeidslivet. Nokre av grunnane til fråfallet i den vidaregåande skulen vert dessutan forklart med at elevane finn undervisningsmetodane for lite varierte og at undervisninga ikkje er tilstrekkeleg meningsfull (Kunnskapsdepartementet, Kommunal og regionaldepartementet, Nærings- og handelsdepartementet [KD, KRD, NHD] 2004, s. 12).

1.2 Pedagogisk entreprenørskap i skulen

Eit av verktøya det internasjonale samfunnet har satsa på for å møte dei framtidige utfordringane verda står ovanfor, er entreprenørskap i utdanninga. I Norge la Kunnskapsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Nærings- og handelsdepartementet i fellesskap fram strategiplanen "Se mulighetene og gjør noe med dem!" i 2004. Visjonen i planen er at entreprenørskap i utdanninga skal fornye opplæringa og skape kvalitet og mangfald for å fostre kreativitet og nyskaping. Pedagogisk entreprenørskap har ulike definisjonar som eg ikkje kan kome inn på her, men ifølgje strategiplanen skal entreprenørskapsopplæringa på barnetrinnet mellom anna utvikle elevane si evne til å stole på seg sjølve og byggje opp under kreativitet og utforskartrøng.

Tidlegare var det slik at etablert kunnskap vart overført frå lærar til elev i klasserommet, og at eleven vart oppfatta som intelligent dersom han kunne gje rett svar på spørsmål knytt til denne kunnskapen. Men i ein tidsalder der kunnskapen fløymer over og der mennesket vert sett på som samfunnet sin viktigaste ressurs, er eigenskapar som kreativitet og fantasi truleg like viktig som kunnskap i seg sjølv. I strategiplanen for entreprenørskap heiter det at "kreativitet er evna til å oppdage nye samanhengar, finne nye løysingar på problem eller oppdage nye metodar og framgangsmåtar for å få fram spanande resultat" (KD, KRD, NHD, 2004, s 8). Kanskje er det nettopp den kreative tankegangen som kan gjere læring og undervisning meir utfordrande og spanande både for elevar, studentar og lærarar, samtidig som kreative ferdigheiter vil bli høgt verdsette den dagen dei unge trør ut i arbeids- og samfunnslivet?

1.3. Skrivning

Som engelsklærer opplever eg at grammatikk er vanskeleg å hugse for elevane, og at dei ofte vegrar seg for å skrive lengre tekstar. Tilbakemeldingar frå ungdomsskulen i kommunen vår peikar også på at elevane på mellomsteget treng meir skrivetrening, både i norsk og i engelsk. I ein artikkel i FOU i Praksis "Er lesing viktigere enn skrivning", hevdar Audhild Nedberg at mykje tyder på at skrivning har kome i skuggen av lesesatsinga i skulen (Nedberg, 2012, s. 180). Her viser ho til forskingsprosjektet SKRIV, der funna viser at mykje av skrivinga i skulen er kopiering av tekstar, kortsvar på oppgåver eller tankekart. Lærebøkene støttar i liten grad opp om skrivning, og forskning viser at dei fleste tekstane som vert produserte i skulen ikkje har noko anna føremål enn at elevane skal skrive dei i arbeidsboka. Difor er det kanskje ikkje rart at mange lærarar opplever at elevane deira skriv dårleg eller at dei ikkje vil skrive i det heile teke fordi dei synes at skrivning er kjedeleg (Dahle & Wold, 2013, s. 12).

Ifølge strategiplanen for entreprenørskap handlar kreativitet om å vere nysgjerrig, tore seie ja til nye tankar som dukkar opp og utvikle desse saman med andre (KD, KR, NHD, 2004, s. 8). Eg bestemte meg difor for å sjå på diktsjangeren med eit nysgjerrig blikk og finne ut om diktundervisning kan stimulere fantasien og kreativiteten til elevane og motivere dei til å skape sine egne tekstar. Sjølv om dikt er korte tekstar med eit konsentrert språk, kan kanskje diktskriving på sikt vere ein nøkkel til skriveglede og produksjon av lengre tekstar.

2. Teori

I dette kapitlet vil eg knyte det eg har gjennomført i undervisningsopplegget opp mot teori. Fyrst vil eg prøve å kome med ein definisjon av kva dikt er og kva slags posisjon lyrikken har i samfunnet vårt i dag. Deretter vil eg presentere Pie Corbett og teoriane hans om diktskriving for born. For å utdjupe samanhengen mellom kunnskap og kreativ tenking, har eg valt å ta med Lev Vygotskij sine kreativitetsteoriar.

2.1. Ein forundringspakke

Dikt er vanlegvis korte tekstar som er skrivne på vers med eit konsentrert og poetisk språk. Det er vanskeleg å finne ein klar definisjon på dikt, og det er dessutan lett å bli forvirra av uttrykka lyrikk, poesi og dikt fordi dei ofte vert brukt om ein annan i kvardagsspråket. Men ordet poesi stammar frå det greske ordet *poieo* (*eg skaper*) og vert brukt om sjølv språket, medan lyrikk heller er ei nemning for diktsjangeren.

Dikt er som ein forundringspakke der språket og forma, klang, rim og rytme går saman om å skape meining. I dikta sitt univers får fantasien fritt spelerom ved at dikteren ser verda frå nye vinklar, og kan skape nytt språk, nye former og bilde. Dikt har også ein forteljar, men denne forteljaren treng slett ikkje å representere dikteren eller ein tredjeperson. Det lyriske eg'et kan vere ein tanke, ein ting eller rett og slett kva som helst. Diktet må heller ikkje vende seg til lesaren, tvert om kan det kommunisere med seg sjølv, med Gud, med vinden eller med ei markmus. Eit dikt kan lyge, spørje, undre seg, kommandere og dikteren er som ein diamantskjerar som formar språket til det strålar i sin eigen glans (Cockson, 2010, s. 2).

Likevel handlar ikkje dikt berre om språk og form, men også om det å leve og vere menneskje. Poesien kan forklare verda for oss sjølve og oss sjølve til verda, og fangar opp umedvitne kjensler vi knapt veit at vi har. Diktskriving med born inneber difor to forskjellige ting, nemleg å utforske det poetiske språket og hjelpe borna til å oppdage verda og seg sjølve (Birketveit og Williams, 2013, s. 55).

2.2. Litteraturens fattige stebarn

Kastar ein blikket på lyrikken sin posisjon i samfunnet, vert det hevda at i våre dagar er det ingen som lenger les eller kjøper poesi og at lyrikksjangeren berre er ei kunstform for eliten. Lyrikken har til og med fått tildelt merkelappen "Litteraturens fattige stebarn" (Kittang, 2012, s. 7). Er denne påstanden riktig, og vil det i så fall vere fruktbart å drive med diktundervisning i skulen?

Ordet lyrikk stammar frå lyre, eit strengeinstrument dei brukte i det gamle Hellas til framføring av lyrikk. Heilt frå starten av var altså lyrikk knytt til musikk, og den songlyriske sjangeren lever framleis i beste velgåande. Kanskje kan ein til og med hevde at i våre dagar er musikken blant dei viktigaste formidlarane av lyriske tekstar? Til dømes har rockeartisten og poeten Bruce Springsteen selt over 200 mill. album over heile verda i løpet av karrieren sin, medan artistane og tekstforfattarane Bob Dylan og Leonard Cohen har gått inn blant dei internasjonale klassikarane (Kittang, 2012, s. 38). Her heime er Anne Grete Preus og Vamp blant artistane som skriv eller utgjev musikk til poetiske tekstar. Det siste skotet på stammen er folkemusikaren Sigrid Moldestad frå vårt eige fylke som nettopp har gitt ut albumet *Brevet til kjærleiken* der ho har tonesett dikta til Jan Magnus Bruheim.

Det er mogeleg at lyrikken er litteraturens stebarn, men diktarkunsten ser likevel ikkje til å vere utgått på dato. Sjølv om diktbøker ikkje toppar salslistene til bokhandlarar og nettbutikkar, vert det skriva lyrikk som aldri før (Kittang, 2012, s. 8). Dei moderne media har dessutan skapt ei ny nisje for poetiske tekstar, der små dikt eller sitat vert lagt opp på digitale bilete eller teikningar og publisert på

sosiale media og internett. Dette kjem inn under emnet samansette tekstar i norskplanen, på same måten som når illustrerte dikt kjem ut i papirutgåve.

Eit døme på det siste er diktboka for born *Pling i bollen* av forfattaren Inngunn Rishøi og illustratøren Bendik Kaltenborn. Boka vart tildelt Kulturdepartementet sin pris for beste biletbok i 2011, og bak i boka gøymer det seg dessutan ein CD der det er sett musikk til dikta. Diktundervisning vil såleis vere relevant i forhold til trendane i samfunnet utanfor skulen, og kan dessutan kombinerast med kreative aktivitetar som teikning, bilete, musikk, dans, og drama.

2.3. Litteraturstudie

Med unntak av *Diktboka (2006)* til Per Olav Kaldestad og Hanne Knutsen viste det seg å vere vanskeleg å finne nyare litteratur om diktskriving for barn på norsk. Det var også overraskande tomt i biblioteket sine bokhyller når det gjeld lyrikkteori. I 1968 ga Atle Kittang og Asbjørn Aarseth ut boka *Lyriske strukturer* som er ei innføring i diktanalyse. Boka har ikkje fått nokon oppføljar, men er seinare utgitt i 4 utgåver. Sidan elevar i grunnskulen ikkje målgruppa for boka, var ho likevel ikkje så relevant for føremålet med denne oppgåva utanom å tilføre meg ein viss teoretisk kunnskap om lyrikk. Dikt var derimot blant emna på engelskstudiet ved HISF i 2012/2013, og her fekk vi også oppgitt fleire kjelder til engelskspråkleg litteratur om lyrikk. Difor har eg valt å gå utanom landegrensene for å leite etter inspirasjon og nye idear til bruk i undervisninga.

2.4. Pie Corbett – om born og diktskriving

Pie Corbett er ein engelsk forfattar og poet som har skrive over to hundre bøker. Han har erfaring som lærar, og er kjend for sine kreative tilnæringsmåtar til undervisning. Corbett skriv også artiklar for engelske tidsskrift innan utdanningssektoren, og vert nytta som rådgjevar for den engelske regjeringa med omsyn til læring og undervisning. Mange av bøkene til Corbett er lærebøker for barn, og han reiser rundt på skulane og underviser i diktskriving, "storytelling" og andre tema.

Målgruppa for Pie Corbett si bok, *Jumpstart Poetry*, er born i alderen frå 7-12 år. Boka har til hensikt å hjelpe borna til å bli kreative skrivjarar og lesjarar gjennom diktundervisning, og er ei utømeleg kjelde av gode idear og aktivitetar. Corbett hevdar at born skriv best om det dei veit noko om, det som betyr noko for dei, og det dei synes er morosamt. Motivasjon er med andre ord viktig for born si skrivning, men i kjernen av den kreative skrivinga ligg både verkeleg og førestilt erfaring. For å bli gode skrivjarar, treng borna å utvikle ein sensitivitet for språk, det vil seie å lære seg å legge merke til ord, samle på ord og leike med ord. Det er også viktig at borna utviklar ei god observasjonsevne og tek i

bruk alle sansane sine for å legge merke til detaljar som kan overraske lesarane og gje dei ei oppleving.

Corbett peikar også på at mange gutar vegrar seg for å skrive, og han er inne på at mange oppfattar skriveoppgåvene i skulen som meiningslause fordi det stort sett er læraren som er mottakar av teksten. Men moderne teknologi gjer det mogeleg å publisere tekstar på bloggar og nettsider, gjerne kombinert med lyd, film eller bilete. Publisering av tekstar bør difor vere eit fast innslag i det kreative klasserommet. Vidare hevdar Corbett at den korte forma i diktsjangeren passar gutane fordi dei er minimalistar, og at det poetiske språket er i tråd med den kreative- og humoristiske sansen deira.

2.5. Om fantasi, førestilling og kreativitet

Tidlegare vart det gjerne oppfatta som negativt å dagdrøyme eller ha ein livleg fantasi, men i dag skal borna tvert om trenast opp til å utvikle fantasien sin. Kvifor er denne eigenskapen så viktig og kva ligg det eigentleg i omgrepa førestilling og fantasi? Corbett definerer førestillingsevna som ei ferdigheit til å tenkje abstrakt, og både læring og tenking er avhengig av førestillingsevna vår. Ein person med god fantasi kan trylle fram eit bilete av verkelegheita, men kan også bevege seg inn i ei verd der det umogelege kan skje. Fantasifulle menneskje kan lett leve seg inn i handlinga i ei bok eller ein tekst og dermed få ei større lesaroppleving, og på same måten kan dei bruke innlevingsevna si til kreativ skrivning. Fantasi og hukommelse er likevel uløyseleg knytte til kvarandre, for det er faktisk umogeleg å førestille seg noko ein ikkje har kjennskap til frå før.

Ei forklaring på kreativitet frå eit psykologisk perspektiv finn vi i Lev Vygotskij si forskning. Den russiske psykologen hevdar at menneskja har to grunnleggjande typar aktivitetar i hjernen: den reproduktive og den kombinerande. Den reproduktive aktiviteten er kopla til hukommelsen, medan den kombinerande aktiviteten kombinerer element frå tidlegare erfaringar og brukar dei til å skape nye tankar eller åtferd. Denne aktiviteten kallar Vygotskij fantasi eller førestillingsevne. Dermed er fantasien altså ikkje ei motsetning, men ei forlenging av hukommelsen. På den andre sida er fantasien avhengig av erfaringar for å gjere gamle tankar til nye, samtidig som fantasien aukar mengda av eigne erfaringar. Eit døme på dette er at litteraturlesing aukar menneskja sine erfaringar ved at dei set seg inn i ande sine opplevingar.

Vygotskij summerer dette opp slik: (Vygotskij, 2004, s. 9)

The implication of this for education is that, if we want to build a relatively strong foundation for a child's creativity, what we must do is broaden the experiences we provide him with. All

else being equal, the more a child sees, hears, and experiences, the more he knows and assimilates, the more elements of reality he will have in his experience, and the more productive will be the operation of his imagination.

Både Vygotskij og Corbett hevdar såleis at erfaringar, opplevingar og sanseintrykk vil styrke borna sin kreativitet. Overført til undervisning kan dette tolkast slik at diktlesing, diktskriving og eksperimentering med språk vil gje borna kunnskap og erfaringar som kan utvikle fantasien og kreativiteten deira. I neste omgang vil ein produktiv fantasi kunne føre til at borna utviklar ferdigheitene sine i skriving.

2.6. Kva seier læreplanen om skriving og dikt?

Dikting og fantasi har også fått plass i den generelle delen av læreplanen (LK06) der vi mellom anna finn dette: "Samtidig gir fri fabulering og fantasi, undring og dikting opningar for å skape livaktige, eventyrlege verder austanfor sol og vestanfor måne- og ved det blir røyndomsverda meir mangesidig og fantastisk for alle". I kompetansemålet i norskfaget etter 4. trinn, skal elevane kunne gjenkjenne og bruke dei språklege verkemidlane gjentakning, kontrast og enkle språklege bilde. I tillegg skal dei kunne skrive dikt og dei skal også beherske eit tilstrekkeleg ordforråd til å gje uttrykk for kunnskap, erfaringar, opplevingar, følelsar og eigne meiningar.

Når det gjeld skriftleg kommunikasjon er kompetansemålet etter 7. trinn at eleven skal kunne uttrykke, bearbeide og kommunisere tankar og meiningar i ulike typar tekstar og sjangrar. Samansette tekstar er ein naturleg del av dei tekstane elevane skal lese og utforme. Vidare føreset god skriftleg kommunikasjon at eleven har eit godt ordforråd.

3. Metode

I dag vert det forska på mange forskjellige område, og grovt sett vert det skilt mellom tre typar forskning: naturvitskap, humanoria og samfunnsvitskap. Den siste metoden handlar om menneskjer og sidan eg skulle forske på det som føregår i skulen, har eg teke i bruk den samfunnsvitskapelege metoden. Her vert det skilt mellom kvalitative og kvantitative forskingsstrategiar, og eg har valt ein kvalitativ metode ved innsamling av data sidan den er meir fleksibel og tillet større samhandling mellom forskar og deltakar.

Forskningsprosjektet mitt gjekk ut på å finne ut om diktundervisning kan stimulere elevane sin kreativitet og fantasi og motivere dei til å skape eigne tekstar. Dette ville eg gjere ved å gjennomføre eit undervisningsopplegg for alle klassetrinna ved den fådelte skulen der eg er tilsett. Dermed gjaldt

ikkje berre forskinga elevane sitt utbytte av prosjektet, men i like stor grad på kva slags påverknad dette ville få for meg sjølv som lærar og for skulen der eg er tilsett. Eg ville bruke aksjonsforskning fordi denne metoden gir læraren høve til å teste ut teoriane sine i klasserommet og fordi metoden blir nytta når målet er endring av praksis. I aksjonsforskning distanserer ikkje forskaren seg frå fenomenet det vert forska på, og fokuset er retta mot handlingane i seg sjølv og mot forskning rundt desse handlingane.

Eg har altså nytta ein kvalitativ metode når det gjeld innsamling av data og valte å intervju elevane i forkant av prosjektet. Sidan eg kjenner elevane ved skulen svært godt, visste eg at det ville vere ei trygg atmosfære under intervju, og eg utarbeidde ein intervjuguide der eg la opp til eit semistrukturert intervju. Dei fleste elevane på skulen går på småskuletrinnet, og eg ville at intervju skulle vere uformelle og bere preg av ei samtale. Fordi elevane er så unge, var det heller ikkje ynskjeleg å bruke lyd- eller biletopptak til datainnsamlinga. Eg valte å intervju elevane i grupper, og dokumentere svara deira ved å notere direkte under intervjuet. I etterkant av prosjektet intervju eg dessutan ei elevgruppe på mellomtrinnet, og Rektor som hadde delteke i alle undervisningsøktene.

3.1. Ustrukturert observasjon og elevtekstar

Etter samtalar med Rektor, vart det sett av ti undervisningsøktar til prosjektet, og det vart bestemt at elevane frå alle klassetrinna skulle delta. Borna vart samla i eit av klasseromma, der dei minste elevane var plasserte i grupper medan dei største arbeidde enkeltvis. Både Rektor og den andre læraren deltok i timane for å hjelpe til med observasjon og undervisning. Som forskar leia eg undervisninga, medan dei andre vaksne observerte og skreiv ned ord og tekstar frå tavla. Samarbeidet mellom lærarane var nyttig og heilt nødvendig for observasjonen sin del, for med eit så stort spenn i alder og utvikling, ville det nesten vere umogeleg for berre ein person å observere. Ustrukturerte observasjonar frå klasserommet og elevtekstar er difor ein del av datamaterialet, i tillegg til intervju.

4. Data og drøfting

I dette kapitlet vil eg fyrst gje ei detaljert oversikt over undervisningsopplegget og observasjonar i klasserommet. Deretter vil eg presentere intervju med elevane i forkant av prosjektet, og intervju med rektor og ei elevgruppe etter at undervisningsopplegget var avslutta.

4.1. Undervisningsopplegget "Dikt i Dracopenia"

Inspirert av Pie Corbett sine idear og den pedagogiske entreprenørskapstanken, utarbeidde eg undervisningsopplegget "Dikt i Dracopenia" for å finne svar på problemstillinga mi. Den fyrste utfordringa i dette arbeidet, var å finne eit tema som kunne engasjere alle elevane på skulen uansett alder. Temaet måtte veljast ut frå elevane sine interesser og erfaring (Vygotskij, 2004) for å motivere dei og stimulere dei til kreativ tenking, og valet fall på drakar sidan dette fantasidyret engasjerer born i alle aldrar (Corbett, 2008). Slik vart diktuniverset Dracopenia skapt, landet der alt kan skje, og som er heimen til fantasifigurar som drakar, alvar og dvergar.

For å byggje opp borna sin erfaringsbakgrunn om temaet, laga eg ei digital forteljing i Windows Movie Maker med filmklipp og bilete av drakar både for små og store born. Dessutan fann eg eit utdrag frå Christopher Paolini si fantastiske bok om Eragon og draken Saphira.

4.2. Etablering av poetisk klima



Eit poetisk klasseromsmiljø fylt med nysgjerrigheit og glede over dikt, vil motivere borna til å skrive. Diktlesing kan vere flammen som tenner lysta til å skrive dikt, og vi må prøve å tenne tusen slike flamar i klasserommet slik at borna verkeleg ynskjer å skrive dikt, seier Pie Corbett. Men dikt er ikkje alltid like lett å forstå, og sidan dei er ein kombinasjon av lyd, rytme og meining må eit dikt lesast høgt for å opne seg. Her kan lærarane spele ei viktig rolle for elevane. Difor innførte vi diktstafetten "Skaldtimen" der lærarane las yndlingsdikta sine for klassen, og viste elevane kvifor dei likte akkurat dette diktet.

Diktarveggen er ein annan "flamme" som kan medverke til å skape eit poetisk klima på skulen. På diktarveggen vart det hengt opp dikt med og utan enderim, figurdikt, illustrerte dikt og eit dikt pryda med tekniske uttrykk vi treng for å skrive dikt. Dikt frå elevar og lærarar fekk plass på diktarveggen etter kvart som dei vart til. For elevane var dette viktig for å inspirere dei til skrivning og for å oppleve at dikta deira vart sett av andre.

4.3. Den magiske ordboka for ordsamlarar og observatørar

For å formidle tankar, kjensler og viktige augeblikk, er det nødvendig at borna har eit tilstrekkeleg vokabular. Corbett sitt forslag er at unge diktarar brukar ein skrivejournal for å notere ned ord, uttrykk og gode idear til bruk for eiga skrivning. I starten av prosjektet fekk alle elevane ei skrivebok dei skulle kalle "Den magiske ordboka". Boka vart inndelt i avdelingar for rare ord, ordklassar, metaforar og similier, fantasiord og gode idear.

4.4. Språkleikar og hjernetrim

Det å observere og legge nøye merke til små og store detaljar er ein av føresetnadane for å bli god til å skrive, for det er detaljane som skaper liv i dikt og forteljingar. Dei aller fleste barn må likevel trene seg på å ta i bruk sansar og observasjonsevne for å finne dei rette orda for å skildre inntrykk og opplevingar. Dette kan trenast opp ved idèmyldringar og språkleikar som var inkludert i undervisningsopplegget. I tillegg var der også språkleikar for å stimulere fantasien til borna og hjelpe dei til å finne nye ord og ordkombinasjonar.

4.5. Guida dagdrøyming og drakepass

Guida dagdrøyming skal hjelpe borna til å sjå førestille seg bilete i tankane (Corbett, 2008, s.38). For at elevane skulle førestille seg Dracopenia og drakar, skulle elevane konsentrere seg medan eg snakka til dei til akkompagnementet av roleg musikk. Eg bad borna sjå føre seg ein stad dei kjende godt slik som rommet deira og naturen utanfor. Til slutt fortalde eg at ein drake kom flygande over tretoppene, og at dette var draken til kvar elev. Som oppfølging til den guida dagdrøyminga skulle elevane lage eit drakepass for å kome inn i Dracopenia saman med draken sin. Her skulle dei skrive namn og alder på draken og spesielle kjenneteikn der dei skildra korleis draken deira såg ut. Denne aktiviteten var utgangspunktet for diktet elevane skulle skrive om draken sin i neste undervisningsøkt.

4.6. Skriverammer

Forutan språk og mening har dikt forskjellige former. Til dømes skal eit haikudikt ha 3 linjer og 17 stavingar, og mange har kanskje ei oppfatning av at eit dikt må rime. Men for mykje vektlegging av diktet si form, kan lett gå ut over kvaliteten på teksten og den kreative skrivninga. I slike tilfelle vil borna telje stavingar og linjer og konsentrere seg om å finne rimord i staden for å tenkje på orda og opplevinga dei vil formidle.

Forma skal med andre ord ikkje forstyrre fantasien, men frigjere den. Likevel kan borna ha bruk for eit mønster for å kome i gang med skrivinga, eller for å unngå at teksten deira vert ein rein imitasjon av andre dikt. Corbett tilrår listedikt som mønster eller ramme for borna si diktskriving. I eit listedikt kan til dømes dei same orda eller mønstera gjenta seg i starten på kvar linje og fungere som ein kode for å frigjere borna sine eigne idear. Denne teknikken er kalla ein anafor (*av gr. anaphero – eg gjentek*) og er kjent både frå Bibelen og Shakespeare si dikting. Hos den norske diktaren Sigbjørn Obstfelder, finn vi anaforen i diktet "Jeg ser":

*Jeg ser på den hvite himmel
Jeg ser på de gråblå skyer
Jeg ser på den blodige sol.*

4.7.Vi skriv!

Den fyrste skriveøkta vart opna med "Skaldtimen" der Rektor las opp eit dikt ho hadde skrive sjølv. Deretter vart borna oppmuntra til å finne på sine eigne dikt som skulle skrivast opp på tavla. Elevane vart svært motiverte av at Rektor hadde skrive eit dikt, og dei stod i kø for å kome med dikta dei sjølv hadde laga. Eit trekk ved diktinga var at dei fleste borna fokuserte på det same temaet, nemleg mus, katt og hund og at dei også laga dikt med enderim. Unntaket var ein elev på mellomsteget som skreiv eit dikt utan rim og fast linjedeling:

Ein hare hoppa og spratt.
Etter ei stund
kom eit pang

og haren var vekk
Jente 11 år

4.7.1. Similier

Timen vart opna med ein språkleik der borna fekk utdelt eit skjel, og borna skulle fyrst ta alle sansane sine i bruk for å skildre skjelet. Skildringane vart noterte ned, og deretter var oppdraget lære om similier ved å finne ut kva skjelet likna på. Dette er arbeidet til ei jente i 3. klasse:

Skildring: ruglete, blankt inni, svart på sidene, stripete.

Similier: Skjelet mitt liknar på ein diamant, skjelet mitt er som ei ørn, skjelet mitt er som ei krone.

Til slutt var det tid for å skrive drakedikt med similier ut frå skildringane i drakepassa, og elevane fekk utdelt eit modelldikt som mønster. Ein tredjeklassing hadde skrive diktet nedanfor på data med drakeillustrasjon til. Av diktet ser vi at eleven har forstått prinsippet med similier, men i tillegg har jenta brukt gjentakning som språkleg verkemiddel. Det er også tydeleg at ho er inspirert av den digitale forteljinga og høgtlesinga, for draken hennar er faktisk farleg og kan ete folk.

Elevdikt	Mønsterdikt (fritt omsett til norsk etter Corbett)
<p>Draken min Draken min er stor som eit hus Den kan bite meg med tennene.</p> <p>Han kan spise masse folk som du veit. Han kan spise deg, ver forsiktig!</p> <p>Han heiter Blå Månen. Han skin som ein måne.</p> <p>Når sola kjem vert han redd. Ein drake som flyr opp og opp.</p> <p>Eg elsker draken min. Eg elsker han, draken min.</p>	<p>Draken min Saphira sitt hovud er like stort som ein buss</p> <p>Augo hennar skin som lysande hovudlykter</p> <p>Skjela hennar er harde som diamantar.</p> <p>Klørne hennar krummar seg som ein halvmåne.</p> <p>Den taggete halen hennar er sterk som ein bulldosar og kan velte ei steinblokk med eit slag.</p>

4.7.2. Fantasileik og metaforar



Neste økt var læringsmålet å øve på å bruke fantasien og lære kva ein metafor er. Ei pappkasse vart dekorert etter alle kunstens reglar og elevane fekk vite at dette var ei magisk kasse frå Dracopenia der det var plass til alt mellom himmel og jord. Eg innleia idèmyldringa med å seie at eg la ein glitrande regnboge i kassa og etterpå var det elevane sin tur til å fylle kassa med dei underlegaste ting. Alle elevane skreiv og framførte dikt, småskuletrinnet ved hjelp av dei vaksne. Dikta vart svært rytmiske og her er eit av eit gut i 5. klasse:

Kva er i kassa,
i den magiske kassa,
i kassa, i kassa, i kassa.
Der er mamma,
universet og
Jupiter
i kassa,
i den magiske kassa.


Deretter fekk elevane vite korleis ein metafor kan lagast ved å ta bort "som" i similia. Vi snakka også om kva ein metafor er, og at drakar kan brukast som metaforar for å skildre kjensler. Elevane fekk utdelt eit mønsterdikt for å skrive eit dikt med metaforar i heimelekse og ein sjetteklassing skreiv dette diktet:

Elevdikt	Mønsterdikt (fritt omsett til norsk frå Corbett)
<p>Draken i den indre verda mi I den indre verda mi sit eg og gret på ei einsam trapp</p> <p>I den indre verda mi vil eg ikkje gå vekk men veka går og går.</p> <p>I den indre verda mi ser eg ein drake som smiler til meg.</p> <p>I den indre verda mi. Her er det berre eg og draken min og egget Og egget klekkjer no. <i>Jente 11 år</i></p>	<p>Draken i den indre verda mi I den indre verda mi trampar den sinte draken frå rom til rom.</p> <p>I den indre verda mi krøllar den trøytte draken seg saman i eit hjørne.</p> <p>I den indre verda mi stikk den nysgjerrige draken nasa si opp i alt.</p> <p>I den indre verda mi dansar den glade draken Zumba med stjernene.</p>

Rektor bidrog til prosjektet med eit nytt dikt der det både var similier og metaforar, og dette diktet vart illustrert med eit bilete av ei perle og hengt opp på Diktarveggen. Etter kvart kom fleire av elevane med nye dikt, nokre starta til og med å skrive dikt i timane, og fleire av elevane var ivrige etter å få framføre dikta sine for klassen. "Eg likar å skrive dikt, for når eg skriv er det som om eg er i diktet!", var ein av kommentarane frå ein tredjeklassing.

4.7.3. Personifisering og besjeling

I undervisninga om personifisering og besjeling snakka fyrst vi om Dracopenia der alt er lov, og at i eit dikt kan dyr og daude ting få menneskelege eigenskapar. Borna fekk i oppdrag å finne på dei mest utrulege ting draken deira kan gjere, og det skulle dei skrive på små lappar som vart lagt i den magiske kassa. Deretter las vi opp lappane og sette setningane saman til eit fellesdikt som i etterkant vart lagt på eit bilete i Power Point:



4.7.4. Diktskriving inspirert av musikk og lydkulisse.

Ei av dei siste undervisningsøktene vart opna med at vi spelte Sigrid Moldestad sin versjon av Jan Magnus Bruheim sitt dikt "Tungt glir båten". Deretter spela vi ein melodi med orientalsk-inspirert musikk, og borna vart bedne om å bruke sansane sine for å finne ut kva dei følte, såg eller høyrde medan dei lytta til musikken. Sanseopplevingane til elevane vart til eit fellesdikt som ser slik ut:

Musikk dikt.

Eg høyrer
indianarmusikk,
ser indiske troll som
dansar magedans,
Biller kryp ut av hjortemagen,
og trommar for fleire millionar.

Eg såg
 at flyet styrta,
 at draken flaug,
 at sola skapte kattane,
 at musa spelte fløyte på draketoppen
 og at eg var i Afrika med mamma og pappa.

Eg spelte fløyte i Afrika.

Deretter vart elevane oppmuntra til å finne på nye og spanande ord og lage eit dikt etter denne oppgåva: Tenk om du fekk auge på ein klasse med drake-egg? Kva kan vere inne i eggja? Eg har valt å ta med dikta til dei minste elevane:

Elevdikt	Mønsterdikt (fritt omsett til norsk etter Corbett)
<p>Drake-egg 2 Inne i det blåstripete egget ligg ein drake, på fjelltoppen, på reiret og snorkar som ein gris. <i>Gut 6 år</i></p> <p>Drake-egg 3 Inne i det raudstripete, glitrande egget ligg ein drake på ei pute og søv. Med brillene på nasa. <i>Gut 7 år</i></p> <p>Drake-egg 4 Inne i det gulblå, glitrande egget ligg ein drake på ei halmmadrass og skumpute. Draken har fem venger. <i>Gut 7 år</i></p> <p>Drake-egg 5 Inne i det grønne egget, ligg ein blå drake på ei varm sol. <i>Gut 8 år</i></p>	<p>Drage-egg Inne i det gule egget ligg ein drage på sanddyner og plommeputer</p> <p>Inne i det grønne egget ligg ein drage av gull og smaragdar stolne frå ein egyptisk pyramide</p> <p>Inne i det grå egget ligg ein drage skapt av skodda frå ei myr og pelsen til ein russisk ulv.</p>

4.7.5. Elevdikt og lydkulisse

Diktprosjektet fekk ei verdig avslutning ved at forskaren vart høgtideleg invitert til ei førestilling i gymnsalen. Der var Rektor og alle elevane samla for å framføre dikta dei hadde laga i løpet av prosjektet til ei lydkulisse ved hjelp av mange forskjellige instrument. Resultatet var glimrande, ikkje minst fordi instrumenta var med å forsterke klangen og rytmen i dikta. Eg har valt å avslutte kapittelet med nokre av elevdikta:

Hundemennesket

Er eg ein hund,
eller eit menneske?
Kven veit kva eg er?
Ikkje eg, veit du det?
Gut 11 år

Ho var lilla,
mjuk og
veldig lett, men
brått vart ho borte vekk.
Ingen såg fjøra.
Jente 11 år

Fuglen

Eg høyrer ein fugl
som flyr.
Den ser ut som eit
hjarte
Den kjennest ut som
ei mjuk sky.
Jente 12 år

Kva skal eg bli?

Ein dag, ein dag.
Eg sit åleine og berre åleine,
eg sit og tenkjer og tenkjer
på kva eg skal bli.
Eg lurar og lurar
Men eg veit ikkje kva.
Drake eller hest?
Eg veit ikkje kva.
Jente 8 år

Kven er eg?

Eg er tjukk
mange likar meg
Eg fortel mykje
Kven er eg?
Jente 6 år

Fjøra mi

Fjøra mi har vore
på ein sjeldan fugl,
på alle hav,
vart funnen av
ein rik konge.
Kongen såg fjøra.

Kongen sette fjøra
i håret,
alle lurte på
kva slags fjør det var.
Alle såg fjøra.

4.8. Elevintervju

Før undervisningsopplegget starta, vart elevane intervjuja i grupper på to eller tre elevar. På spørsmål om kva dikt er, svara alle elevane at dikt er ord som rimar, medan nokre elevar på mellomtrinnet sa at dikt ikkje alltid er rim. Elevane vart spurte om kva dei synes om dikt og her svara dei fleste at det er kjekt å lage dikt eller at dei likar det litt. Ein gut i 1. klasse svara slik: "Eg likar det berre om eg må, men det blir gøy når eg har høyrte dei ei stund".

Elevane vart spurde om dei kunne lage dikt, og her var svara forskjellige. Nokre elevar meinte at dei kunne skrive dikt, medan andre hevda at dei hadde øvd for lite. Ein elev på mellomtrinnet sa at det gav ei spesiell kjensle å skrive dikt, og at diktskriving tek ein med til ei anna verd. "Kva sansar brukar du når du opplever eit dikt", var eit av spørsmåla i intervjuet. Her svara elevane at dei ser, høyrer og føler.

Under intervjuja fekk elevane høyre den musikalske versjonen av diktet "Brennesla og Maneta" av Ingvild Rishøi (Rishøi & Kaltenborn, 2011) og vart spurte om kva diktet handla om. Elevane svara at brennesla og maneta er forelska, og at orda i diktet rima. Ein av elevane utdjupa svaret sitt og sa at diktet var trist, og at det handla om kjensler, havet og å bruke fantasien. Denne eleven sa også at dikt kan skape nye kjensler når det vert sunge!

Ei elevgruppe på mellomtrinnet vart intervjuja etter av undervisningsopplegget vart avslutta. Den viktigaste informasjonen som kom fram her, var at elevane synes at det hadde vore kjekt å jobbe med diktprosjektet. "Det var kjekt å jobbe med similier og metaforar, og så oppdaga eg at nokre dikt ikkje rimar, men at dei var fine likevel". Ein annan elev sa at "Eg vil fortsette å skrive dikt". Eg kan skrive dikt til bursdagar, gje dei som gåve og lage kort. Eg likte å skrive dikt til musikk!

4.8.1. Intervju med Rektor

Rektor spela ei viktig rolle i undervisningsopplegget, både som inspirasjon for lærarar og elevar og som observatør av det som føregjekk i timane. Etter at diktprosjektet var ferdig, intervjuja eg Rektor som fyrst vart spurt om kva ho synes om opplegget og kva slags aktivitetar ho likte best. "Det er vanskeleg å seie kva eg likte best, for timane var like fasinierende kvar gong", sa Rektor. På spørsmål om undervisningsopplegget kan stimulere fantasien og observasjonsevna til elevane, svara Rektor at dette viste seg alt etter den tredje undervisningsøkta fordi elevane sin fantasi rett og slett "løp løpsk". Rektor sa også at språkleikane hjelpte elevane til å finne på nye ord og at grammatikk vart innlært på ein ny måte. Ho hadde også observert at elevane starta å lage sine eigne dikt, til og med dei små elevane som ikkje kan skrive, stava ord for å skrive dikt.

Når det gjaldt spørsmålet om kva ho meinte om at elevar i alle aldersgrupper deltok i prosjektet, svarta Rektor at ho synes dette var fantastisk fordi elevane fekk mogelegheiter til å lære av kvarandre på tvers av klassestega. Det motiverte også elevane at dei kunne inspirere og hjelpe kvarandre. Til slutt vart Rektor spurt om korleis undervisningsopplegget kan kome til nytte for skulen i framtida. "Eg trur alle er med på å lage eit diktheft og gje det ut til inntekt for skuleturen vi skal ha i sommar", svarta ho. "Vi bør også lage ein familiekveld der elevane får framføre dikta sine, kanskje kan vi setje elevane sine dikt saman til ei lydkulisse ved hjelp av forskjellige instrument".

5. Funn og konklusjon

Problemstillinga eg ville finne svar på var korleis diktundervisning kan stimulere elevane sin kreativitet og fantasi, og motivere dei til å skrive eigne tekstar. I dette kapitlet vil eg presentere dei viktigaste funna i arbeidet med bacheloroppgåva og gjennomføringa av undervisningsopplegget. Eg vil også seie litt om korleis forskingsprosjektet kan endre undervisningspraksisen min i framtida.

I teorikapitlet såg eg på om lyrikk er utgått på dato og om det er relevant å drive med diktundervisning i skulen i dag. For det fyrste fann eg ut at i vår tidsalder er musikken kanskje den fremste formidlaren av poetiske tekstar, og at digitale media gjer lyrikkformidling enklare enn nokon gong. Eg oppdaga dessutan at lyrikk kan samanliknast med ein forundringspakke, der innhaldet kan kombinerast på uendeleg mange kreative måtar som kan utnyttast både i norskfaget og i andre estetiske fag.

Når det gjeld kreativitetsteoriar, viser Lev Vygotskij si forskning samanhengen mellom kunnskap, og fantasi og kreativitet (Vygotskij, 2004). Aktivitetane i undervisningsopplegget medverka såleis til å gje elevane erfaringar som eit fundament for å byggje opp fantasien deira. I framtida vil eg difor ta i bruk aktivitetar frå undervisningsopplegget som inspirasjonskjelde for tekstskaping, både når det gjeld diktskriving og skriving av andre tekstar.

Språkleikane viste seg å vere stimulerande både for fantasien og observasjonsevna til elevane, og som ein bonus vart borna dessutan meir bevisste på ord og ordklassar. Kva slags ord vi treng for å skildre korleis eit skjel ser ut, eller kva ord vi har bruk for til å vise kva drakar kan gjere, viste seg å vere ein meningsfull veg inn i grammatikkverda for elevar på alle klassetrinn. Ved å observere dei vaksne i "Skaldtimen", vart elevane motiverte å lytte til dikt, skape eigne dikt og ikkje minst til å tore å framføre dikta sine. Aktiviteten gav dessutan rom for å arbeide med leseforståing slik som å snakke om forteljaren i dikta, at overskrifta ofte er ein veg inn i diktet, og til forklaring av vanskelege ord.

Resultata frå undervisningsopplegget viser at elevar heilt ned i fyrste klasse kan skrive dikt etter fast mønster, og at diktundervisninga inspirerte elevane til å skrive eigne dikt. I intervjuet med Rektor peika ho på at diktundervisning på tvers av klassetrinna var positivt fordi elevane inspirerte, motiverte og lærte av kvarandre. Eg meiner dessutan at Rektor sitt engasjement og det gode samarbeidet mellom dei vaksne gjorde sitt til at resultatet av diktundervisninga vart så godt.

I diktundervisninga fekk elevane opplæring i teknikkar og språklege verkemiddel, noko som også fungerer som eit slags mønster for diktskriving. Men i tillegg opnar teknikken opp for fantasi og kreativ skiving, til dømes ved å la dyr kunne snakke. Dette er noko som kan forelast vidare ved å gje elevane oppgåver i å skrive andre tekstar frå forskjellige synsvinklar. På same måten kan bruk av metaforar og andre språklege verkemiddel overførast til andre skriveoppgåver. Ei anna erfaring frå undervisningsopplegget er at det verkar mykje lettare å forstå dei språklege verkemidlane ved å bruke dei aktivt i diktskriving enn å lære om dei teoretisk ved analyse av dikt.

Konklusjon: Aktivitetane i undervisningsopplegget har bygd opp elevane sin erfaringsbakgrunn og inspirert dei vidare til å bruke fantasien sin til kreativ skiving. Språkleikar og hjernetrim har verka stimulerande på fantasien til elevane, og som ein bonus kan slike aktivitetar utvide ordforrådet og dei grammatiske kunnskapane deira. Elevane på alle klassetrinn har skrive eigne dikt og medverka til å skrive fellesdikt. Undervisningsopplegget "Dikt i Dracopenia" har difor vist at diktundervisning kan stimulere elevane sin fantasi og kreativitet og kan motivere dei til å skrive eigne tekstar.

6. Bibliografi

- Birketveit, A. & Williams, G. (2013). *Literature for the English classroom*. Bergen. Fagbokforlaget.
- Christoffersen, L. & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo. Abstrakt forlag AS
- Cookson, P. (2010). *The Works, every kind of poem you will ever need at school*. London. Macmillan.
- Corbett, P. (2008). *Jumpstart! Poetry! Games and activities for ages 7-12*. London, New York: Routhledge, Taylor & Francis Group.
- Dahle, G. & Wold, K. (2013). *Velkommen til språket*, Oslo, J.W Cappelens Forlag AS
- Kittang, A. & Aarseth, A. (1998). *Lyriske strukturer. Innføring i diktanalyse*. Oslo. Universitetsforlaget AS.
- Kittang, A. (2012). *Poesiens hemmelige liv*. Bergen. Fagbokforlaget.
- Paolini, C. (2014). *Eragon*, Oslo, Cappelen Damm.
- Skogen, K. & Sjøvoll, J. (2009). *Pedagogisk Entreprenørskap*. Trondheim, Tapir Akademiske Forlag.
- Rishøi, I. & Kaltenborn, B. (2011.) *Pling i Bollen*, Oslo, Cappelen Damm
- Kunnskapsdepartementet, 2004. St.meld. nr. 30, *Kultur for læring*.
Henta frå
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/20032004/stmeld-nr-030-2003-2004-/3/1.html?id=404446>. (u.d.).
- Kunnskapsdepartementet, Nærings- og handelsdept, Kommunal og regionaldept. (2004).
Se mulighetene og gjør noe med dem! – strategi for entreprenørskap i utdanningen 2004-2008. Henta frå:
http://www.regjeringen.no/upload/kilde/kd/nyh/2006/0041/ddd/pdfv/296724-75561_entrepenorskap_strategi.pdf
- Vygotsky, Lev S. (2004). *Imagination and Creativity in Childhood*,
Henta frå: http://lhc.ucsd.edu/mca/Mail/xmcamail.2008_03.dir/att-0189/Vygotsky__Imag__Creat_in_Childhood.pdf
- Nedberg Audhild (2012). *Er lesing viktigere enn skriving?* Henta frå
http://tapironline.no/produkt/sok?query_words=audhild+nedberg&file_type=0&attribute_ty pes=0&sort=0&result_count=10. (u.d.)
- Anafor (2014) . I *Wikipedia*. Henta 4. mars 2014 frå <http://no.wikipedia.org/wiki/Anafor>
- Bruce Springsteen (2014). I *Wikipedia*. Henta 4. mars 2014 frå http://no.wikipedia.org/wiki/Bruce_Springsteen
- Pie Corbett (2014). I *Wikipedia*. Henta 4. mars 2014 frå http://en.wikipedia.org/wiki/Pie_Corbett.

